

Notat:

Vurdering av moglegskap for utviding av sving mot Fjordtønna.

I dag kan ikkje bussar køyre opp til Fjordtønna. Å få til ein utviding av svingen, både med omsyn til horisontal-, og vertikalkurvatur er særskilt krevjande.


Administrasjonen har fått i oppdrag å grovvurdere kva som skal til for at det skal verte mogleg å komme opp med buss.

Me har vurdert to ulike løysingar:

Alternativ 1 – Utvide sving slik at buss uhindra kan direkte køyre opp til Fjordtønna.

Alternativ 2 – Etablere ein hammar inn parallelt med bedehuset Sion, slik at busser kan rygge seg inn på plassen framfor bedehuset.

Begge alternativa er vurdert etter svingkurvane for buss frå vegvesenet sin handbok N-100, Veg, og gateutforming.



Figur 1- Springskurve. buss

Alternativ 1:



I dette alternativet utvidast svingen mot nord slik at ein buss kjem rundt svingen. Dette fører til at ein må sprengje seg om lag 4,3 meter lenger inn.

Skjering lengde: ca: 42 meter


Skjering høgde: 10 meter høg på det høgaste.

Volum sprenging: ca 600m³

Areal ny veg: ca: 300m²

Estimert kostnad: 1,5-2 mill.

Alternativ 2:



I dette alternativet vil bussen køyre inn på ein hammar parallelt med bedehuset, rygge tilbake framfor bedehuset, og køyre vidare opp på eksisterande veg.

Skjering lengde: ca: 35 meter

Skjering høgde: 12 meter høg på det høgaste.

Volum sprenging: ca 450m³

Areal ny veg: ca: 270m²

Estimert kostnad: 1,2-1,8 mill.

Området er utfordrande, og vanskelig å komme til. I tillegg må det vere mulig å ta seg fram til eigedomane i anleggsfasen. Dette medfører at det sannsynlegvis må leggjast til rette for mellombels anleggsveg. Kalkylen er basert på ein grovvurdering ut frå erfaringstall og diskusjon med lokal entreprenør. Kalkylen omfattar ikkje eventuelt kjøp/ ekspropriasjon av grunn, eller kostnader til prosjektering.